



Arkivnr: 2014/14136-2
Saksbehandlar: Odd Kenneth Mellingen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016

Oppnemning av styremedlemer. Endring av Festspillene i Bergen sine vedtekter.

Samandrag

Saka gjeld endring av praksis for oppnemning av styremedlemer og endring av Festspillene i Bergen sine vedtekter jfr. brev dagsett 13.12.2011.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til endring av vedtektene for Festspillene i Bergen, jfr § 4.1 vedkomande oppnemning av nye styremedlemer.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Brev frå Festspillene i Bergen 13.12.2011
- 2 Endra vedtekter - Festspillene i Bergen

Fylkesrådmannen, 28.01.2016

Bakgrunn

Festspillene i Bergen informerte i brev dagsett 13.12.2011 om nye rutinar som vart gjort gjeldande i samband med oppnemning av styremedlemar i organisasjonen. Endringa innebar mellom anna at Kulturdepartementet overførte det statlege ansvaret for å nemne opp styremedlemmer til fylkeskommunen, med unntak av Festspillenes styreleiar med varamedlem.

Som følgje av endringa lyder § 4.1 som følgjer:

«Den norske stat oppnevner styrets leder med varamedlem. Hordaland fylkeskommune oppnevner 2 styremedlemmer med varamedlemmer. Bergen kommune oppnevner 1 styremedlem med varamedlem. Representantskapet oppnevner 2 styremedlemmer med varamedlemmer, mens 1 styremedlem med varamedlem velges av – og blant – de fast ansatte i Festspillene.»

Handsaming av vedtektsendringa

I samband med endringa, søker festspela tilslutnad frå sine offentlege tilskotspartnarar i tråd med vedtektenes § 7, der det heiter følgjande:

Endring av disse vedtekter krever tilslutning fra Representantskapet og samtlige tre tilskuddspartnere – Staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Ved ein inkurie er ikkje vedtektsendringa handsama i Hordaland fylkeskommune og saka vert difor lagt fram for fylkesutvalet.